

**Meland Kommune**

**Kommunalavd.teknisk (Byggesak)**

**Havnevegen 41 a**

**5918 FREKHAUG**


**Mjølkeåen den 26.01. 2018**

Side.1 av 2

*På vegne av tiltakshaver så vil jeg og tiltakshaver søke om Dispensasjon på Gnr.54 Bnr.12 etter PBL Kap.1 – 1,58-6Kap.12 LNR*

**Søknad om dispensasjon på gnr.54 bnr. 12 for oppføring av nytt våningshus og frådelling av tomt i NLF område.**

Begrunninga for søknaden er at tiltakshavarane ønskjer å starte opp att drift av gardsbruket og oppretthalde busetting på Husebø. Motivasjonen er å busette seg fast på Husebø, rehabilitere eksisterande driftsbygning, og være ein bidragsytar til å halde kulturlandskapet i hevd. I den forbindelse ønskjer dei å bygge nytt våningshus. Eksisterande våningshus som er frå 1914 ligg i dag på motsett side av kommunal veg i forhold til driftsbygninga. Dette er ikkje hensiktsmessig dersom ein ønskjer å starte opp att drift av bruket. Ved å få bygge nytt våningshus vil ein kunne lage eit gardstun på eigedomen. I tillegg treng familien større plass. Dagens våningshus har ikkje nok soverom til dei fire barna. Ei frådelling vil og gje grunnlag for auka busetjing til Husebø, noko bygda treng. Fleire av eigedomane på Husebø vert i dag nytta til fritidsbustader. Bygda treng fleire fastbuande. Den eldste dattera har eit ønske om å busette seg på Husebø, og overta dersom ein innvisterar i nytt hus/driftsbygning. På grunn av ressursgrunnlaget kan ein ikkje starte opp med større



drift. Planen er å starte opp med Gammalnorsk spel sau. Dette er gode landskapspleiarar. Ein ser og på moglegheitene til å starte opp med nokre dyr av typen Skotsk høylandsfe. Dette er og dyr som passar beitegrunn

laget som er på bruket. Bruket har og ein del utmark som i dag ikkje vert nytta. Dette ønskjer tiltakshavarane å gjere noko med blant anna beitrydding og lyngbrenning. For å starte opp treng ein å rehabilitere driftsbygninga. Bygninga treng nytt tak og ny kledning. I tillegg ønskjer tiltakshavarane å dyrke grønsaker på deler av eigeidomen. Vil opplyse om at den eine parten av tiltakshavarane er ferdig utdanna agronom våren 2018.

Areal som vil bli nytta til nytt våningshus er i NLF område, og det er overflatedyrka jord. Det er berg og mykje stein i valt areal. Val av tomt til hus er gjort der det vil gjere minst påverknad av drivverdig jord. Huset er og plassert i tomtgrensa.

Tiltakshavarane søker og om å få frådelt eksisterande våningshus til eigen parsell. Dersom tiltakshavar får dispensasjon til å dele frå eksisterande våningshus til eigen parsell har eigar av gnr.54 bnr.43 sagt seg villig til å føre denne tilbake til gnr.54 bnr.12 Dette for å unngå oppstyking av jordbruksareal/tap av kulturlandskap. Ved at denne tomten vert tilbakeført så unngår ein bebyggelse på denne tomten i framtida.

**Konklusjon:**

- 1.Fordelene med å gi dispensasjon til tiltaket er klart større en enn ulempene
- 2.Vi kan ikke se at plankrav er vesentlig tilsidesatt ved en godkjenning av tiltaket.
- 2.Vi kan ikke se at tiltaket gir noe negative konsekvenser for omliggende, private eller offentlige interesser.

**Vedlegg;**Kart med ønsket plassering av nytt våningshus,overliggende vist løsning, Noen tanker og filer om ønsker om ønsket husløsning

På bakgrunn av overstående så bør dispensasjon kunne innvilges.

**Byggm.Steinar Thunold**

Ansv.Søker



**Tiltakshavere**

**Gunnar Magne Husebø Monica Holen Husebø**

